

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for samferdsle</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>27.09.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00</b>

**Faste medlemer til stades:**

Noralf Distad h  
Bjørn Hollevik H  
Gunnhild Berge Stang V  
Arnstein Menes Sp  
Sigurd Reksnes Sp  
Gunn Sande Sp  
Helen Hjertaas Ap  
Harald Bjarte Reite Ap  
Stein Malkenes MDG

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:** Dina Lefdal

**Sekretariat for møtet:** Monica Åsnes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 21.06.2016 vart godkjend utan merknader.

**Munnleg orientering:**  
Kollektiv v/Øystein Hunvik

**Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:**

1280 meter gangveg i Olden-kontaktutvalet for Olden og Oldedalen(40 lag/organisasjonar/bedrifter), foreldreutvalet ved Olden skule, Eldrerådet i Stryn kommune, Stryn kommune.

Invitasjon til dialogmøte med IS Fjordvegen onsdag 12.oktober på Blix hotell.  
Hovudutval for samferdsle vart samde om at Helen Hjertaas møter.

Orientering om opning av rassikringsprosjektet på Veitastrondvegen 15.desember.

**SAK 37/16      Fylkeskommunal overtaking av innkjøp av ferjetenester mellom Barmsund og Barmøy i Selje kommune**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommunen overtek ansvaret for innkjøp av ferjetenester på strekninga Barmsund – Barmøy i Selje kommune.
  2. Selje kommune får kjøpe opsjonsruter i samsvar med retningslinjene i FT-sak 11/10.
  3. Ved ei eventuell overtaking av ferjekaiane har Selje kommune ansvar for at kaiane er i tilfredsstillande stand og godkjend til ferjedrift på overtakingstidspunktet.
- 

**SAK 38/16      Budsjett 2016 - Tertiアルrapport 2/16 for samferdslesektoren**

**VEDTAK:**

1 Det vert gjort slike endringar i sektorbudsjettet til samferdsle for 2016:

- a) Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 7,4 mill. kr.
  - b) Teneste 7300 Buss – kjøp av teneste vert redusert med 4,2 mill. kr.
  - c) Teneste 7301 Buss – skuleskyss u.transp./div. grunnskulen vert auka med 2,9 mill.kr.
  - d) Teneste 7302 Buss – skuleskyss vidaregåande skule vert auka med 1,3 mill. kr.
  - e) Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 1,7 mill. kr.
  - f) Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 3,2 mill. kr.
  - g) Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert redusert med 1,6 mill. kr.
  - h) Teneste 7321 Båt – skuleskyss/veglause grender vert redusert med 0,6 mill. kr.
  - i) Teneste 7323 Båt – diverse vert redusert med 0,3 mill. kr.
- 

**SAK 39/16      Tertiアルrapport 2/2016**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016**

- 1 Budsjettert fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr.
- 2 Lokale inntekter vert redusert med 1,250 mill. kr.  
Ekstraordinære avdrag vert redusert tilsvarande.
- 3 Sentralt budsjetterte midlar til pensjon vert redusert med 20,000 mill. kr.
- 4 Driftsmidlar til investering vert auka med 0,500 mill. kr.

- 5 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert redusert med 2,600 mill. kr med slik fordeling:
- Teneste 4000 Utgiftert til fylkestinget, utval og ordførar vert auka med 1,000 mill. kr.  
Teneste 4200 Administrasjon vert redusert med 3,300 mill. kr  
Teneste 4801 Personalforsikringar vert redusert med 0,300 mill. kr.*
- 6 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 18,450 mill. kr med slik fordeling:
- Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert redusert med 1,000 mill. kr.  
Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 5,330 mill. kr.  
Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 1,690 mill. kr.  
Teneste 5152 Eleveksamenskosten vert redusert med 0,400 mill. kr.  
Teneste 5200 Pedagogisk leiring mv. vert auka med 1,340 mill. kr.  
Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 9,000 mill. kr.  
Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 3,000 mill. kr.  
Teneste 5611 PP-tenesta vert redusert med 0,400 mill. kr.  
Teneste 5613 Oppfølgingstenesta vert redusert med 0,100 mill. kr.  
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert redusert med 2,400 mill. kr.  
Teneste 5901 Privatisteksamen vert auka med 0,400 mill. kr.  
Teneste 5903 Karriererettleiling vert redusert med 0,250 mill. kr.*
- 7 Sektorbudsjettet til nærings- og kultur, Teneste 7500 Kulturminnevern, vert auka med 0,400 mill. kr.
- 8 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 45,150 mill. kr.

**B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.

**C. Andre område**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 4 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga i vedlegg 5 vert teken til vitande.

---

**SAK 40/16 SFJ 2019 innsparingstiltak samferdslesektoren**

Saka vart lagt fram utan tilråding

**Endringsframlegg:**

Hovudutval for samferdsle gjer dei endringane i nivå som er synt i vedlagt tabell

**Avrøyting:**

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Hovudutval for samferdsle gjer dei endringane i nivå som er synt i vedlagt tabell

## Samla oversikt over moglege innsparinger på samferdslesektoren - revidert i HS-møte 27. september

fargekode for tiltak som ikkje er føresett realisert

Nivå	Utgreiling	Funksjon/oppgåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
<b>N1</b>	38 Bilruter	Skuleruter	Optimalisering av skulerutene i samarbeid med kommunar og vidaregåande skular	Nødvendig med tilpassing for både kommunar, fylkeskommunen og den vidaregåande skulen	1,5	1,5	Dette tiltaket syner seg vanskeleg å gjennomføre (som nivå 1).	Er gjennomført - kjem i kjøpsak i oktober
<b>N1</b>	38 Bilruter	Skuleruter	Samordning av skuleskyss med færre vogner i bruk.	Lenger reisetid med omvegar/avstikkarar for ein del elevar.	1	1	Dette tiltaket syner seg vanskeleg å gjennomføre (som nivå 1).	Er gjennomført - kjem i kjøpsak i oktober
<b>N1</b>	38 Bilruter	Lokalruter, bygderuter	Legge ned/om bygderuter med få reisande	Dei relativt få reisande som blir råka må finne andre alternativ enn bygderuta.	1,5	4	Dette tiltaket har realisert over 4 mill kr i innsparinger.	
<b>N1</b>	38 Bilruter	Lokalruter, tilførselsruter	Legge ned/om tilførselsruter med få reisande	Dei relativt få reisande som blir råka må finne andre alternativ enn tilførselsruta	1,5	1,5	Dette tiltaket har nådd målet. Det vil føreslått fleire rutekutt under dette tiltaket i 2017.	Kan bli meir
<b>N1</b>	38 Bilruter	Regionale ruter	Reduksjon i frekvens og færre rutedagar på ruter med lite passasjerar.	Valfridomen for den reisande til å kome seg rundt i fylket vil verte redusert. Reisebehovet for dei fleste vil bli forsøkt ivareteke, men for nokre blir det meir ventetid, fleire	1	2	Dette tiltaket har realisert nær det doble av målet.	

Nivå	Utgreiing	Funksjon/oppgåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
				overgangar og færre avgangar å velje mellom.				
<b>N1</b>	38 Bilruter	Fylkeskryssande ruter	Legge ned fylkeskommunale fylkeskryssande avgangar	Lågare frekvens for publikum	1,5	3	Dette tiltaket har realisert omlag 2 mill kr. Truleg kan dette talet bli oppjustert. Det vil bli foreslått fleire kutt i 2017.	Anslag oppjustert - kjem i kjøpsak i oktober
<b>N1</b>	38 Bilruter	Takstauke buss	Årlig ekstraordinær takstauke på 1%	Prisen vil auke med 1% ut over ordinær takstauke kvart år i 2016(0,7 mill.), 2017 (0,7 mill.) og 2018 (0,7 mill.)	2,1	1,8	Tiltaket er i rute og har realisert 0,6 mill. kr	
<b>N1</b>	39 Kollektivbåt	Lokalruter	Redusere rutetilbodet til minimumsnivået definert i fylkestingsak 11/10 på stader med svært få fastbuande. Redusere frekvens/ta vekk rutetilbod slik at det er tilpassa tal innbyggjarar langs ruta og reiseaktivitet.	Innbyggjarar som vert råka får færre alternativer reisedagar. Redusert tilbod for turistar og sommargjester.	1	0,8	Det er realisert 0,35 mill. kr	
<b>N1</b>	39 Kollektivbåt	Ekspressbåtane	Frå 1. mai 2015 vert det sett inn mindre båt på Sognebåten	Komfortmessig vil dei reisande merke at båten er mindre. Vidare har propellanlegg eit anna støy- og vibrasjonsbilete.	5	4,1	Tiltaket vart gjennomført i 2015, men det er gjort korrigeringar i 2016 som reduserar innsparinga.	

Nivå	Utgreiing	Funksjon/oppgåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
<b>N1</b>	39 Kollektiv båt	Takstauke båt	Årleg ekstraordinær takstauke på 1%	Prisen vil auke med 1% ut over ordinær takstauke kvart år i 2016(0,5 mill.), 2017 (0,5 mill.) og 2018 (05 mill.)	1,5	1,5	Takstauke på 0,5 mill i 2016 er gjennomført.	
<b>N1</b>	41 Ferje-samband	Endre takstmatrise ferje	Flytte alle ferjestrekningars opp ei takstsone	Persontaksten aukar med 1 - 2 kroner, personbiltakstane med 6 - 7 kroner og prisen på vogntog med 20 - 26 kroner pr takstsone - alle prisar før rabatt.	1	1		
<b>N1</b>	46 vinter-stenging av vegar	Fv. 92 Bjordal - Matre	Utvida stengingsperiode på vegar som er vinterstengde	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. Dårlegare framkomst for trafikantar/turistar.	0,5	0,5		
<b>N1</b>	46 vinter-stenging av vegar	Fv. 243 Aurlandsfjellet	Utvida stengingsperiode på vegar som er vinterstengde	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. Dårlegare framkomst for trafikantar/turistar.	0,5	0,5		
<b>N1</b>	46 vinter-stenging av vegar	Fv. 258 Gamle Strynefjellsveg	Utvida stengingsperiode på vegar som er vinterstengde	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. Ikkje framkomeleg til Stryn sommarskisenter	0,1	0,1		
<b>N1</b>	46 vinter-stenging av vegar	Fv. 50 Hol - Aurland	Slutte med kolonnekjøring	Lengre stengingsperiodar	0,6	0,6		
<b>N2</b>	38 Bilruter	Lokalruter, bygderuter	Legge ned/om bygderuter med fleire reisande og viktige funksjonar	Fleire reisande som må finne andre alternativ enn bygderuta.	0,5			

**Sum  
23,9 nivå 1**

Nivå	Utgreiing	Funksjon/oppgåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
<b>N2</b>	38 Bilruter	Lokalruter, tilførselsruter	Legge ned/om ruter med fleire reisande og viktige korrespondansar	Fleire reisande som må finne andre alternativ enn tilførselsruta.	0,5			
<b>N2</b>	38 Bilruter	Regionale ruter	Reduksjon i frekvens og rutedagar på fleire rutestrekningar på ordinære regionale ruter	Valfridomen for den reisande til å kome seg rundt i fylket vil verte redusert. Det må påreknaust meir ventetid, fleire overgangar og færre avgangar å velje mellom.	1			
<b>N2</b>	38 Bilruter	Regionale ruter	Legge ned/om dagpendlarruter med lite passasjergrunnlag	Dei som blir råka må finne andre alternativ for å komme seg på jobb.	0,5			
<b>N2</b>	38 Bilruter	Regionale ruter	Legge ned/om vekependlarruter med lite passasjergrunnlag	Dei som blir råka må finne andre alternativ for å komme seg på til/frå hybel.	0,5			
<b>N2</b>	38 Bilruter	Fylkeskryssande ruter	Reduksjon i frekvens på enkelte strekningar på fylkeskommunale ruter	Dei reisande vil få færre avgangar å velje mellom og det må påreknaust auka ventetid og å byte transportmiddel underveis. Enkelte rutestrekningar kan bli lagt heilt ned.	1			
<b>N2</b>	39 Kollektiv båt	Skuleruter	Ta vekk skuleskyss mellom Hardbakke og Mjømna/Austrheim for vgs elevar frå Solund	Skuleåret 2014/2015 er det svært få elevar som nyttar denne ruta. Dei som nyttar denne ruta må flytte på hybel	2			Flytta frå nivå 1 til nivå 2
<b>N2</b>	39 Kollektiv båt	Lokalruter, veglause grender	Redusere rutetilbodet til minimums-nivået definert i fylkestingsak 11/10 på stader med litt fleire fastbuande. Redusere frekvens/ta vekk rutetilbod slik at det er tilpassa tal innbyggjarar langs ruta og reiseaktivitet.	Innbyggjarar som vert råka får færre alternative reisedagar.	1			Behov for ein fornya gjennomgang.

Nivå	Utgreiing	Funksjon/oppgåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
<b>N2</b>	39 Kollektiv båt	Godsbåt	Redusere tal avgangar pr. veke frå 3 til 2	Brukarane av ruta får lengre framføringstid på gods.	1			
<b>N2</b>	40 Ungdoms-tilbod	Trygt heim for ein 50 lapp	Auke prisen til 100 kroner for dei under 30 år og til 200 kroner for dei som er over 30 år.	Ordninga vert dyrare for dei reisande.	0,3	0		Flytte frå nivå 1 til nivå 2. Dissens
<b>N2</b>	40 Ungdoms-tilbod	Ungdomskort	Auke prisen på ungdomskortet frå kr 380 til kr 450	Auke i prisen vil medføre at færre personar vel å kjøpe ungdomskort.	0,8			
<b>N2</b>	40 Ungdoms-tilbod	Trygt heim for ein 50-lapp	Ta vekk ruter som er lite brukt	Dei som har nyttat tilbodet må finne andre alternativ. Trafikktryggingstiltak for ungdom vert svekka.	0,2			
<b>N2</b>	40 Ungdoms-tilbod	Lokale transporttilbod for ungdom	Legge ned ordninga med overføring av LTU midlar til kommunane	Tilbodet fell vakk. Trafikktryggingstiltak som fell vakk.	1			
<b>N2</b>	41 Ferje-samband	Midt på dag ruter	Ta vekk 1 rundtur midt på dag på samband med høg frekvens og lite trafikk	Ekstra ventetid.	1			Flytte frå nivå 1 til nivå 2.
<b>N2</b>	41 Ferje-samband	Legge ned Fure ferjekai	Legge ned Fure ferjekai	Ekstra reisetid for dei som har ferje til/frå Fure som raskaste reiseveg.	2			Flytte frå nivå 1 til nivå 2.
<b>N2</b>	41: Ferje-samband	Midt på dag ruter	Ta vekk 1 rundtur midt på dag på samband med høg frekvens og lite trafikk	Ekstra ventetid.	1			
<b>N2</b>	41: Ferje-samband	Endre takstmatrise ferje	Flytte alle ferjestrekningars opp ei takstsone	Personaksten aukar med 1 - 2 kroner, personbiltakstane med 6 - 7 kroner og prisen på vogntog med 20 - 26 kroner pr takstsone - alle prisar før rabatt.	1			

Nivå	Utgreiing	Funksjon/oppgåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
<b>N2</b>	43 Terminalar og venterom	Venterom	Stenge mindre brukte venterom.	Dei reisande må stå ute medan dei ventar på neste transportmiddel.	0,1			
<b>N2</b>	43 Terminalar og venterom	Opningstider	Korte ned opningstidene på venterom og toalett der dette kan redusere kostnader.	Reisande må stå ute medan dei ventar på neste transportmiddel, dersom dei kjem utanfor opningstid.	0,1			
<b>N2</b>	44 FTU-tiltak	Tilskot til kommunane (TIK)	Reduksjon i tilskott	Færre kommunar vil få tilskott	2			
<b>N2</b>	44 FTU-tiltak	Trafikktrygging smidlar (FTU-midlar)	Reduksjon i tilskott	Færre tiltak innanfor trafikktryggings-arbeidet	0,2			
<b>N2</b>	45 Ny drifts-standard	Vegutstyr	Reinsk skjæringingar	Omfang på reinsk av skjering blir redusert.	0,9			
<b>N2</b>	45 Ny drifts-standard	Vinter inkl beredskap	Vinterdriftsklasse	Funksjonsklasse B og C skal ha vinterdriftsklasse DkD, Funksjonsklasse D og E skal ha vinterdriftsklasse DkE	4,9			
<b>N2</b>	45 Ny drifts-standard	Tunnel	Rundsum vasek og reinhald, inkl nisjer, rømningvegar	ÅDT >300: Reinhald heil 2. kvart år ÅDT	2,2			
<b>N2</b>	45 Ny drifts-standard	Tunnel	Inspeksjon, reinsk og kvitmåling av tunnelar	Inspeksjon i alle tunnelar 2. kvar år. Tunnelane på fylkesvegnettet skal ikkje målast kvite.	1,6			
<b>N2</b>	45 Ny drifts-standard	Kantslått, grøntvedlikeha Id og vegservice	Rydding vegens frie rom	Kantklipp blir utført i 3 meter breidde. Vi slår berre ein gong per sesong. Krav til siktsoner blir oppretthalde.	1,9			Flyttast til nivå 2
<b>N2</b>	46 vinter-stenging av vegar	Fv. 13 Gaularfjellet	Utvida stengingsperiode på vegar som er vinterstengde.	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøying, mannskap og maskiner. Dårlegare	0,3			Flytta frå nivå 1 til nivå 2.

Nivå	Utgreiing	Funksjon/oppgåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
				framkomst for trafikantar/turistar.				
<b>N2</b>	46 vinter-stenging av vegar	Fv. 55 Sognefjellet	Utvida stengingsperiode på vegar som er vinterstengde	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. Dårlegare framkomst for trafikantar/turistar.	0,3			
<b>N3</b>	38 Bilruter	Lokalruter, bygderuter	Legge ned/om stor del av bygderutene.	Fleire reisande som må finne andre alternativ enn bygderuta. På dette nivået er det ein del reisande med lokalrutene	1			
<b>N3</b>	38 Bilruter	Lokalruter, tilførselsruter	Legge ned/om stor del av tilførselsrutene.	Fleire reisande som må finne andre alternativ enn tilførselsruta. På dette nivået er det ein del reisande med lokalrutene.	1			
<b>N3</b>	38 Bilruter	Regionale ruter	Reduksjon i frekvens og rutedagar på mange rutestrekningar på regionale ruter	Valfridomen for den reisande til å kome seg rundt i fylket vil verte redusert. Det må pårekna meir ventetid, fleire overgangar og færre avgangar å velje mellom. Rutene det her er snakk om er viktig for mange og har difor fleire passasjerar.	2			
<b>N3</b>	38 Bilruter	Regionale ruter	Legge ned/om dagpendlarruter med brukbart passasjergrunnlag	Dei som blir råka må finne andre alternativ for å komme seg på jobb. Rutene det her er snakk om er viktig for	0,7			

**Sum  
29,8 nivå 2**

Nivå	Utgreiing	Funksjon/oppgåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
				mange og har difor fleire passasjerar.				
<b>N3</b>	38 Bilruter	Regionale ruter	Legge ned/om vekependlarruter med brukbart passasjergrunnlag	Dei som blir råka må finne andre alternativ for å komme seg på til/frå hybel. Rutene det her er snakk om har ein del passasjerar.	0,7			
<b>N3</b>	38 Bilruter	Fylkeskryssande fylkeskommunale ruter	Redusere frekvens og vurdere å stoppe ruter på nærmaste senter i nabofylket (f.eks Voss).	På dei fylkeskryssande rutene er det flest reisande pr rutekilometer. Ei slik omlegging vil difor råke mange. Det blir betydeleg vanskeligare å reise på tvers av fylkesgrensene.	1,5			
<b>N3</b>	39 Kollektiv båt	Regionale ruter	Gjere endringar i dei regionale rutene der det er alternative reisemåtar .	Dei som vert råka må beregne lengre reisetid. Det vil og bli nødvendig å bruke alternative transportmiddel som buss og privatbil	3,5			
<b>N3</b>	40 Ungdoms-tilbod	Ungdomskort	Auke prisen på ungdomskortet frå kr 450 til kr 500.	Auke i prisen vil medføre at færre personar vel å kjøpe ungdomskort.	0,7			
<b>N3</b>	40 Ungdoms-tilbod	Trygt heim for ein 50 lapp	Legge ned mindre brukte ruter i tillegg til dei som vert kutta i nivå 2.	Dei som har nytt seg av dette tilbodet må finne andre alternativ. Trafikktryggingstiltak for ungdom vert svekka.	0,3			
<b>N3</b>	41: Ferje-samband	Midt på dag ruter	Ta vekk ein eller fleire rundturar midt på dag på fleire samband	Ulempe for dei som blir råka i form av ekstra ventetid.	1			

Nivå	Utgreiing	Funksjon/oppgåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
<b>N3</b>	41: Ferje-samband	Siste rundtur	Ta vekk siste rundtur på samband med alternativ omkjøring. Redusere tal dagar med seine ferjer.	Auka tidsbruk knytt til omvegar eller den reisande må tilpasse seg dei nye tidene.	2			
<b>N3</b>	41: Ferje-samband	Endre takstmatrise ferje	Flytte alle ferjestrekningars opp ei takstsone	Persontaksten aukar med 1 - 2 kroner, personbiltakstane med 6 - 7 kroner og prisen på vogntog med 20 - 26 kroner pr takstsone - alle prisar før rabatt.	1			
<b>N3</b>	43 Terminalar og venterom	Venterom	Stenge venterom med meir bruk enn på nivå 2	Dei reisande må stå ute medan dei ventar på neste transportmiddel.	0,3			
<b>N3</b>	43 Terminalar og venterom	Kollektiv-terminal	Legge ned mindre kollektivterminalar	Passasjerar må takast på langsetter vegen.	0,3			
<b>N3</b>	43 Terminalar og venterom	Oppgradering	Ikkje oppgradere venterom	Etter ei tid vil kollektivterminalane bli utdaterte.	0,2			
<b>N3</b>	44 FTU-tiltak	Tilskot til kommunane (TIK)	Avvikling av tilskottsordning		3			
<b>N3</b>	44 FTU-tiltak	Trafikktrygging smidlar (FTU-midlar)	Avvikling av tilskottsordning og trafikktryggingspris		0,5			
<b>N3</b>	45 Ny drifts-standard	Grøfter	Utskifting stikkrenner	Større utskifting av stikkrenner vert teke ut av kontrakten.	3,4			Flytta frå nivå 1 til nivå 3
<b>N3</b>	45 Ny drifts-standard	Vegutstyr	Kantstolpar og brøytestikker	Øydelagde eller manglande kantstolpar blir ikkje er statta. Entreprenørane skal sette opp brøytestikker på stader og i tidsrom dei	2,5			Flytta frå nivå 1 til nivå 3

Nivå	Utgreiing	Funksjon/oppgåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
				meiner dei treng det for å brøyte forsvarleg.				
<b>N3</b>	45 Ny drifts-standard	Kantslått, grøntvedlikehald og vegservice	Servicebygg	Rastepllassar og toalett blir stengde; bord og bossdunkar skal takast vekk og plassane blir stengde. Venterom blir stengde. Øydelagde leskur med belysning og inventar blir ikkje reparerte. Tagging blir ikkje fjerna.		5,0		Flytta frå nivå 1 til nivå 3
<b>N3</b>	45 Ny drifts-standard	Kantslått, grøntvedlikehald og vegservice	Drift, tömming septiktankar, beising/maling bygg	Rastepllassar og toalett blir stengde; bord og bossdunkar skal takast vekk og plassane blir stengde . Venterom blir stengde . Øydelagde leskur med belysning og inventar blir ikkje reparerte . Tagging blir ikkje fjerna.		3,9		Flytta frå nivå 1 til nivå 3
<b>N3</b>	45 Ny drifts-standard	Vinter inkl beredskap	Nattestenge fv. 50 mellom kl 20 og kl 10	Fjellovergangane på fv. 50 og fv. 53 skal vera stengde om natta mellom kl. 21:00 og 10:00		0,4		Flytta frå nivå 1 til nivå 3. evt. (22:30:08:00)
<b>N3</b>	45 Ny drifts-standard	Vinter inkl beredskap	Nattestenge fv. 53 mellom kl 20 og kl 10	Fjellovergangane på fv. 50 og fv. 53 skal vera stengde om natta mellom kl. 21:00 og 10:00		0,4		Flytta frå nivå 1 til nivå 3. evt. (22:30:08:00)
<b>N3</b>	45 Ny drifts-standard	Dekke	Dekkelapping	Reparasjonar av nivåskilnader pga. setningar, deformasjonar etc., blir ikkje gjort utanom ordinær dekkelegging.		4,3		

Nivå	Utgreiing	Funksjon/oppgåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
<b>N3</b>	45 Ny drifts-standard	Grøfter	Torvkant og grøfter	Slam og anna materiale skal ikkje fylle opp meir enn 40 % av innvendig høgde i stikkrenna.	1,3			
<b>N3</b>	45 Ny drifts-standard	Vegutstyr	Feiing	Fylkesvegnettet skal feiast ein gong om våren for å fjerne strøsand og skrot. Gang - og sykkelvegnettet blir ikkje feia i barmarksperiodar om vinteren.	0,2			
<b>N3</b>	45 Ny drifts-standard	Vegutstyr	Vegbelysning	Defekt vegbelysning på stader som er viktige for trafikktrygging (som til dømes ved gangfelt, plankryss og bussto pp), skal verte utbetra innan 1 veke. Defekt vegbelysning elles vert ikkje utbetra.	0,1			
<b>N3</b>	45 Ny drifts-standard	Beredskap	Trafikkberedskap - veg	Ikkje rydde opp etter hendingar på veg på dagar/tidspunkt med tillegg.	0,1			
<b>N3</b>	45 Ny drifts-standard	Beredskap	Trafikkberedskap - tunnel	Tunnelar på vegar i funksjonsklasse D og E blir haldne stengde det første døgeret etter kommunikasjons - eller straumutfall, før det blir sett i gang stort trafikkavvikling.	0,6			
<b>N3</b>	46 vinter-stenging av vegar	Fv 93 Vadheim - Guddal	Vinterstenging av fleire vegar, ingen kolonnekjøring	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøying, mannskap og maskiner. Mellom 14 og 57 km omkjøring. Hytter kan bli utilgjengelege.	0,3			Flytta frå nivå 2 til nivå 3

Nivå	Utgreiing	Funksjon/oppgåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
<b>N3</b>	46 vinterstenging av vegar	Fv. 665 Heggjabygda - Møre grense	Vinterstenging av flere vegar, ingen kolonnekjøring	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. 56 km omkjøringsveg. Hytter kan bli utilgjengelege.	0,3			Flytta frå nivå 2 til nivå 3
<b>N3</b>	46 vinterstenging av vegar	Fv. 50 Hol - Aurland	Vinterstenging av høgfjellsovergangar	Tilkomst til kraftanlegg blir vanskeleg. Hytter på den stengde strekninga blir utilgjengelege med bil, og trafikk mellom Vestlandet og hytteområda i Hol/Geilo får stor omveg. Omkjøringsveg er mellom 76 og 108 km. Turistverksemder får vanskelegare tilkomst. Negative konsekvensar for handelsnæringa.	5			
<b>N3</b>	46 vinterstenging av vegar	Fv. 53 Årdal - Tyin	Vinterstenging av høgfjellsovergangar	Tilkomst til kraftanlegg som treng tilsyn og vedlikehald kan bli vanskeleg. Auka køyrelengde (E16 Filefjell) er om lag 45 km. Beredskap dersom stengt mellom Øvre Årdal og Årdalstangen. Det blir lenger transportveg for bedrifter med lokalisering på begge sider av fjellet, og lågare kundegrunnlag for bedrifter i Tyin-Filefjellområdet. Hytteområder blir mindre tilgjengelege og mindre attraktive.	3,7			

Nivå	Utgreiing	Funksjon/opp gåve	Tiltak/Beskrivelse	Konsekvens/Standard	Opphaveleg anslag	Anslag HS-møte 27. sept	Merknad - Juni	Merknad HS-møte 27. sept.
<b>N3</b>	46 vinter- stenging av vegar	Fv. 720 Hjelle - Erdal	Vinterstenging av flere vegar, ingen kolonnekjøring	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøying, mannskap og maskiner. 2 km omkjøringsveg	0,1			Flytta frå nivå 2 til nivå 3

**Sum  
51,3 nivå 3**

**Sum**

**101,4**

**105,00 Tot**

## **SAK 41/16 Budsjett 2017 / Økonomiplan 2017- 2020 Samferdsle**

### **Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1 Hovudutvalet for samferdsle rår til ei slik prioritering mellom programområda ( i mill. kr):

<b>Programområde</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	510,413	544,502	528,631	463,542
730 Biltruter	234,983	226,093	221,393	221,393
731 Fylkesvegferjer	126,829	119,805	130,976	127,659
732 Båtruter	92,534	88,834	86,634	86,634
733 Tilrettelagd transport	10,500	10,500	10,500	10,500
<b>Sum</b>	<b>975,259</b>	<b>989,734</b>	<b>978,134</b>	<b>909,728</b>

2 Hovudutval for samferdsle rår til ei prioritering på tenestenivå for 2017 i tråd med saksutgreiinga.

3 Hovudutval for samferdsle rår til å løyve 0,675 mill. kr på teneste 4606 Diverse tilskott med følgjande fordeling:

- a) 0,525 mill. kr i tilskott til Fjellvegen mellom Årdal og Luster
- b) 0,150 mill. kr til prosjektet sykkelsykebane i Førde

4 Søknad frå Flora kommune om midlar til bygging av ferjekai på Skorpa vert ikkje støtta.

5 Søknad frå Skipavika Næringspark AS om midlar til bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua vert ikkje støtta. Prosjektet må vurderast i samband med Regional transportplan 2018-2021.

6 Hovudutval for samferdsle legg til grunn ei fordeling av investeringsprogrammet for fylkesvegar slik det går fram i pkt. 4 i saksutgreiinga.

### **Endringsframlegg:**

Hovudutval for samferdsle kom med følgjande tillegg til punkt 1 i tilrådinga frå fylkesdirektøren:

Hovudutval for samferdsle syner til innsparingskrava i samferdslesektoren. Tiltak på nivå 1 kan gjennomførast innanfor ei ramme på 23,9 mill. kr, jf. tabell i HS-sak 40/16. Tiltak på nivå 2 og 3 har så store negative konsekvensar for tryggleik, tilgjengelighet, vegservice og miljø at hovudutvalet vil frarå at desse innsparingstiltaka blir gjennomført. Ramma til samferdsle må hevast tilsvarende.

### Framlegg til nytt punkt 4 frå AP, MDG, H, SP og V:

Hovudutval for samferdsle ber Fylkesrådmannen/administrasjonen å gå i dialog med Flora kommune for å finne løysingar for å få på plass ferjeleiem på Skorpa (Florabassenget), slik at den kan innarbeidast i budsjettprosessen.

### Framlegg frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet til nytt punkt 5:

Søknaden frå Skipavika Næringspark AS om midlar til eit spleiselaslag for bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua vert støtta med 6 mill kroner. Fylkeskommunen gjer som del av avtalen ikkje tidlegare planlagde tiltak på gamlevegen, men nyttar desse midlane som del av finansieringa. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle fram ein avtale med Skipavika Næringspark AS og Gulen kommune, med mål om å kunne overta ansvaret for vegen når denne er bygd.

Det vert teke etterhald om at slikt tilskot er innanfor gjeldande lovverk.

### **Avrøysting:**

Endringsframlegga vart samråystes vedteke.  
Fylkesdirektøren si tilråding med vedtekne endringar vart samråystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1 Hovudutvalet for samferdsle rår til ei slik prioritering mellom programområda ( i mill. kr):

Programområde	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	510,413	544,502	528,631	463,542
730 Bilruter	234,983	226,093	221,393	221,393
731 Fylkesvegferjer	126,829	119,805	130,976	127,659
732 Båtruter	92,534	88,834	86,634	86,634
733 Tilrettelagd transport	10,500	10,500	10,500	10,500
<b>Sum</b>	<b>975,259</b>	<b>989,734</b>	<b>978,134</b>	<b>909,728</b>

Hovudutval for samferdsle syner til innsparingskrava i samferdslesektoren. Tiltak på nivå 1 kan gjennomførast innanfor ei ramme på 23,9 mill. kr, jf. tabell i HS-sak 40/16. Tiltak på nivå 2 og 3 har så store negative konsekvensar for tryggleik, tilgjengeleghet, vegservice og miljø at hovudutvalet vil frarå at desse innsparingstiltaka blir gjennomført. Ramma til samferdsle må hevast tilsvarende.

2 Hovudutval for samferdsle rår til ei prioritering på tenestenivå for 2017 i tråd med saksutgreiinga.

3 Hovudutval for samferdsle rår til å løyve 0,675 mill. kr på teneste 4606 Diverse tilskott med følgjande fordeling:

- 0,525 mill. kr i tilskott til Fjellvegen mellom Årdal og Luster
- 0,150 mill. kr til prosjektet sykkelby i Førde

4 Hovudutval for samferdsle ber Fylkesrådmannen/administrasjonen å gå i dialog med Flora kommune for å finne løysingar for å få på plass ferjeletem på Skorpa (Florabassenget), slik at den kan innarbeidast i budsjettprosessen.

5 Søknaden frå Skipavika Næringspark AS om midlar til eit spleislag for bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua vert støtta med 6 mill kroner. Fylkeskommunen gjer som del av avtalen ikkje tidlegare planlagde tiltak på gamlevegen, men nyttar desse midlane som del av finansieringa. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle fram ein avtale med Skipavika Næringspark AS og Gulen kommune, med mål om å kunne overta ansvaret for vegen når denne er bygd.

Det vert teke atterhald om at slikt tilskot er innanfor gjeldande lovverk.

6 Hovudutval for samferdsle legg til grunn ei fordeling av investeringsprogrammet for fylkesvegar slik det går fram i pkt. 4 i saksutgreiinga.

---

**SAK 42/16      Skriv og meldingar 27.september 2016**

**VEDTAK:**

- Fylkesoverskridande ruter
- Svar på spørsmål om tolking av ferjeavløysingsordninga
- FV 53 Årdal-Tyin - døgnope heilårsveg

- 3a. Fv 53 Årdal-Tyin 15.6.2016.
  - 4. Ferja Måløy-Husevågøy-Oldeide
  - 4a. Meldingstekst
  - 5. Førehandsvurdering av tunnelløysing på fylkesveg ved Blakset
  - 5a. Rapport Risikovurdering Blakset
  - 5b. Teikning B1
  - 5c. Teikning B2
  - 5d. 15-230039-10 Teikning C1-1.pdf 1649602\_1\_1.pdf
  - 5e. 15-230039-10 Teikning C1-2.pdf 1649603\_1\_1.pdf
  - 5f. 15-230039-10 Teikning C1-3.pdf 1649604\_1\_1.pdf
  - 5g. 15-230039-10 Vurdering av risiko alternative tunnelar.pdf 1693391\_1\_1.pdf
  - 5h. Sak 73\_16\_Fråvikssøknad redusere lengde på overgangsstrekning utanfor tunnel.docx  
1648868\_3\_0.pdf
  - 5i. Sak 74\_16\_Fråvikssøknad auke stigning i tunnel for alternativ 1.docx 1649597\_2\_0.pdf
  - 5j.. Sak 75\_16\_Fråvikssøknad horisontal kurve ved tunnelopning.docx 1649909\_2\_0.pdf
  - 6. Risikoanalyse sykkel
  - 7. Fv. 93 Dyrneslia - Notat søknad om fråvik brubreiddde for tre bruer på fv. 93 i Dyrneslia i Vadheim
  - 8. Tildeling av midler til utvidet TT-ordning
  - 9. Kollektivtrafikkforeininga-invitasjon
  - 10. Uttale frå Fylkesrådet for eldre
  - 11. Invitasjon til Selje - Hovudutval for samferdsel
  - 12. Søknad om tilskot til ferdigstilling av FV 623 forbi Trollebø Industriområde.
  - 13. Høyring - Rapport om overføring av ansvar for kjøp av innenlandske flyruter til nye folkevalde regionar
  - 13a. Sluttrapport 15 09 2016 Overføring av ansvar for kjøp av regionale flyruter.pdf
-